

OVERGANG

Frå barnehage til skule



LOEN
BARNEHAGE

VELKOMEN SOM 5-ÅRSKLUBB FORELDER!

Barnet ditt går dette året inn i ein overgangsfase, der det går frå å vere barnehagebarn til å verte skulebarn når barnehageåret er omme.

Vi i Loen barnehage og skule har lyst til å støtte barnet ditt på denne vegen, og vi har difor organisert eit eige opplegg som vi kallar 5-årsklubben.

Denne klubben har vore ein populær del av barnehagen sidan 1996. Vi opplever at barna tykkjer det er "stas" at det vert teke omsyn til at dei er på veg over i skulen.

Ein god og trygg overgang kan vere med på å leggje eit godt grunnlag for vegen vidare i skulen. For å skape denne tryggleiken må barn og foreldre få ein viss kjennskap til kva som ventar i skulen. 5-årsklubben kan seiast å vere "ein liten smakebit" på skuleverda.

Tanken er at barna kan ta "eit steg hit og eit steg dit" mellom barnehage og skule det siste året i barnehagen og det fyrste året på skulen.

Ein skulestart er full av forventningar både frå barn, foreldre og skule, og dette siste året i barnehagen kan nyttast til å arbeide i rett retning slik at barnet får eit godt grunnlag både fagleg og sosialt.

Denne planen seier noko om korleis barnehagen vil arbeide med barna, men de som foreldre kan også på enkle måtar vere med å styrke barnet dykkar før skulestart.

1. Gje barnet oppmuntring og ros.
2. Leik og syng med barnet ditt.
3. Les, teikn og fargelegg saman med barnet. (Lær barnet ditt fargenamna og å halde blyanten)
4. Gjer barnet merksam på tal og mengde i ulike praktiske samanhengar.
5. Ver bevisst på å bruke namn på omgrep. (Over, under, framfor, bak, inni, utanpå)
6. La barnet få ansvar og trene på å greie seg sjølv i div. rutineaktivitetar.
7. La barnet oppleve klare og gode reglar.
8. Hjelp barnet til å lære om "folkeskikk" og godt samspel med andre.
9. Gje barnet klare reglar for bruk av tv, film, i-pad, dataspel og speleboksar.
10. Gje barnet godt kosthald, gode rutinar ved leggetid og nok søvn.

Eit barn som kan kjenne att, eller skrive sitt eige namn, og "sin" bokstav, har allereie eit forhold til skriftspråket! Forsking viser at barn som er vande med å bli lest for, knekkjer lettare lesekode når den formelle leseopplæringa startar i skulen.

Vår sterke anbefaling: Les ei bok saman med barnet på sengekanten kvar kveld, det gjer så godt, og det gjer ein svært stor føremon til skulestart.

Då ser vi fram til ein god og trygg overgang frå barnehage til skule!

05.05.2025

(Sist revidert 11.05.2026)

Loen skule og barnehage

Hilde Briksdal

- assisterande styrar -

Mål og arbeidsmåtar på 5-årsklubben

Mål: Å skape ein mjuk overgang frå barnehage til skule for barna.

Hovudmål for 5-årsklubben:

- Skape ei kjensle av tilhøyrse mellom dei barna som skal byrje på skulen i lag.
- Gjere barna kjend med skulen sine lokale og uteområde.
- Barna skal bli kjend med skuleelevar og lærarar på småskuletrinnet, særleg gjennom samarbeid med 1.klasse.
- Stimulere til pedagogisk heilskapstenking mellom skule og barnehage ved å trekke trådar mellom to ulike pedagogiske tradisjonar.
- Gje barna ei viss felles plattform av erfaringar før skulestart, som eit tillegg til kvar einiskild sine individuelle erfaringar.



Organisering:

Vi har eit fast opplegg kvar veke, som omfattar:

- Leik i gymsalen.
- Bibliotek med boklån/høgtlesing.
- Arbeidsøkt i eit klasserom på skulen, oppfølging med diverse aktivitetar.
- Leik ute saman med elevane i skulen sitt matfriminutt. (30min)
- Leik i gruppa ute og inne.

Mål for aktivitetar:

- Stimulere evna til samarbeid og sjølvstende.
- Stimulere generell omgrepsforståing.
- Møte og styrke den gryande interessa barna har for det munnlege og skriftlege språket.
- Gje opplevingar og stimulere til ny kunnskap.
- Variert fysisk aktivitet inne og ute.
- Gje barna tilpassa utfordringar slik at dei kan oppleve meistring og eit styrka sjølvbilette.
- Styrke basiskompetanse, sosial og språkleg utvikling.
- Øve opp evna til å lytte, ta ordet, og til å delta i samtaler og organisert leik.



Arbeidsmåtar/metodar:

- Teikning, fargelegging, praktiske oppgåver og arbeidsbøker med ulike tema.
- Høgtlesingsbøker og forteljingar/eventyr.
- Song/musikk, rim, regler og ellingar.
- Formingsaktivitetar, klipping, liming, måling, o.a.
- Puslespel/spel.
- Organisert leik og fri leik inne/ute.
- Organisert fysisk aktivitet/regelleikar/ball-leik.
- Turar/leik i naturen.
- Besøk til og frå 1.klasse og fadderklassar.

Temaplan 5-årsklubben

TID	TEMA
August/ september	Eg, min bustad og min familie.
Oktober	Form og fargar
November	Likskapar og ulikskapar
Desember	Omgrep og storleikar
Januar/ februar	Mengder - og tal som symbol
Mars/ april	Bokstavar - som symbol, lydar og språkleikar, rim og regler.
Mai	Kvardagen i skulen.
Juni	Om ferie, avslutning og skulestart til hausten.
Andre tema	<ul style="list-style-type: none"> - « Kroppen min eig eg! » (Opplegg frå Redd Barna/Nrk) - «Jakta på superkreftene» - om ulike yrker/lokale arbeidsplassar, eit temaopplegg i samarbeid med Nordfjordkompaniet.

Barna på 5 årsklubben er samla i eiga gruppe ein fast dag i veka. Denne 5-årsklubb dagen har eit variert innhald.

- Felles morgonmøte i barnehagen
- Gymsal med regelleik/ball-leik og anna moro.
- Uteleik i storfriminutt saman med skulen.
- Felles lunsj i barnehagen.
- Samlingsstund i barnehagen.
- Bibliotek, boklån og høgtlesing.
- Arbeidsøkt i klasserom –arbeidsbok og tema.
- Frukt og Uteleik.

5-årsklubbopplegget fylgjer skuleåret, og tek «ferie» i skulen sine feriar.

Barnehagen sine råd om ulike former for dataspel/gaming.

Barnehagen ser innimellom at barn i 4-5 års alderen pratar om ulike former for spel og «gaming» på data, telefonar, I-pad og speleboksar. Barn leikar ofte ut det dei får inn av ulike inntrykk. Dette kan få negative konsekvensar for tankar/språk/handlingar til barna i samspel med andre barn. Foreldre bør vere merksame på dette og unngå at barna spelar spel dei ikkje har alder til å spele, eller at dei ser på at andre spelar og slik får inntrykk dei ikkje er modne nok for å kunne takle på gode måtar. Det finnes mange gode pedagogisk utforma og lærerike spel for barn i denne alderen. Å heller velje å bruke slike spel vil vere betre for barna. Hugs likevel å avgrense speletid og skjermtid for barn!

**Dette vil eg
få erfaring
med**

NORSK

Snakke tydeleg og i heile setningar.
Rollespel/framføringar.
Høgtlesing og eventyr.
Rim og regler.
Måling og fargeblanding,
fargenamna.
Teikning, fargelegging, leike-skriving.
Eg veit kvifor det er lurt å kunne lese
og skrive.
Bokstavane heiter "Alfabetet",
eg kan alfabetsongen.
Kvar bokstav har namn og lyd,
vi kan "trylle" med dei.
Eg kjenner namnet mitt som
ordbilete.
Eg øver på å skrive namnet mitt.
Eg øver på rett blyantgrep
og skriveretning.
Leike og skrive
på data/l-pad.

FRAMFERD

Vente på tur.
Ta omsyn til andre,
bry meg...Hjelpe til.
Formidle egne behov.
Stille spørsmål.
Bidra med kreativitet og lærelyst.
Øve på å ta imot munnlege
fellesbeskjeder.

ANDRE TING EG VIL ERFARE

Namn på vekedagane.
Namn og nokre kjenneteikn på
årstidene.
Song om dei tolv månadane.
Motoriske utfordringar.
Namn på dei mest kjende
kroppsdelane.
Namn på husdyr og ville dyr.
Delta i regelleik og ball-leikar.
Spele spel som lotto, memory

MATEMATIKK

Eg kan å telje til 10.
Mengdeomgrep opp til 5.
Utsjånad på tala frå 1-5.
Gruppering og sortering.
Likskapar og ulikskapar.
Omgrep som t.d. tjukk/tynn,
kort/lang.
Preposisjonar; over/under.
Ulike former.
Trekant/firkant/sirkel.
Mønster og border.
Tal og mengde i dagleglivet

Hit eit steg, og dit eit steg, dansar eg fram på skuleveg...

Samarbeidsplan mellom skule og barnehage siste året før skulestart

TID	AKTIVITET
August/ september	<ul style="list-style-type: none"> ▪ 5-årsklubben tek del i storfriminuttet ein fast dag i veka frå skulestart.. ▪ 5-årsklubben får leiketime på SFO rommet når det er ledig.
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> ▪ 1.klasse er velkomne til å kome over gjerdet til barnehagen i uteleik om hausten.
November	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Innskriving på skulen ▪ 1. klasse på besøk til barnehagen (ansvarleg er kontaktlærer 1. klasse)
Desember	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Føljefest for skule og barnehage. Program ved 4 + 5 åringar og 1-7. klasse.
Januar	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ski og ake-dagar i skuleparken på baksida av bygget.
Februar	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ski og ake-dagar i skuleparken på baksida av bygget.
Mars	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Påskegudsteneste med program ved 4 + 5 åringar og 1-7. klasse.
April	<ul style="list-style-type: none"> ▪ 5-årsklubben er velkomne til å kome over gjerdet til skulen og SFO i uteleik om våren.
Mai	<ul style="list-style-type: none"> ▪ 5-årsklubben på besøk til 1. klasse. ▪ Treff med fadder-klassane. ▪ 5-årsklubben og skulen har våropprydding i bygda. ▪ Foreldresamtaler med gjennomsyn av mappa til barnet. Mappa vert berre overført til skulen etter skriftleg samtykke frå foreldre. ▪ Barnehage og SFO «byter barn» i mindre grupper fast kvar ettermiddag i uteleiken.
Juni	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Faddertreff. ▪ Overføringssamtale mellom pedagogisk leiar i barnehagen og teamleiar småskuletrinnet/kontaktlærer 1. klasse. Samtalen vert berre gjennomført etter skriftleg godkjenning frå foreldre. ▪ Teamleiar/kontaktlærer tek ansvar for at nødvendig info vert gjeven til SFO-ansvarleg før skulestart. ▪ Siste skuledag: Felles avslutning for skule og barnehage, presentasjon av fadrar. ▪ Sommarfest for barn, tilsette og foreldre ved Loen skule og barnehage.
August	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Fadderpresentasjon på første skuledag under velkomstsamling for elevar/foreldre.

Barn frå ulike barnehagar og skulekrinsar.

5-åringar som bur i andre skulekrinsar/går i barnehage andre stader enn i Loen, og som skal starte på skule i Loen, vil bli invitert på eit besøk til Loen barnehage om våren siste året i barnehagen. Dei må då fylgjast av sine barnehagetilsette eller av sine foreldre.

Loen skule innbyr til førskuledag i juni, slik at alle barna i klassen får helse på kvarandre og bli kjent med sin lærar og sitt klasserom før skulestart.

Barn i Loen barnehage som skal starte på skule i andre skulekrinsar i nærområdet, vil barnehagen ta med på eit besøk til 5-årsgruppa i ein barnehage i barnet sin skulekrins.

Skulen som barnet skal starte på, vil invitere til førskuledag.

Overføringssamtaler og eventuell mappeoverføring mellom barnehagen og den skulen som barnet skal starte på, vil bli gjennomført om ein har foreldre sitt samtykke.